

Høyring av endringsforslag til kommuneplanens arealdel etter 2.gongs høyring

Bakgrunn

I samband med 2. gongs høyring fekk vi motsegn til planen frå Statsforvaltaren Innlandet og Mattilsynet. For å løyse motsegnene har administrasjonen vore i dialog med både Statsforvaltar og Mattilsynet for å forsøke å finne akseptable løysingar. Administrasjonen har vurdert at dei føreslåtte endringane for å løyse motsegnene bør høyrast. Denne tematiske høyringa er avgrensa til endringane som følgje av motsegnene. Ev. andre innspel vil ikkje bli vurdert i denne høyringa.

Dette dokument inneheld dei endringane som er foreslått for å løyse motsegner frå Statsforvaltaren Innlandet og frå Mattilsynet.

Høyring

Endringsforslaga vert lagt ut til offentleg høyring og ettersyn.

Innspel til høyringa kan sendast i e-post til: post@oystre-slidre.kommune.no, eller i ordinær post til Øystre Slidre kommune, Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes, **innan 20. august 2025**

Spørsmål kan sendast på e-post til arealplanleggjar:

martin.lie.sjursen@oystre-slidre.kommune.no

Innhald

Opplysningar om motsegn	3
Forslag til løysing av motsegn for tilstrekkeleg sikring av drikkevatn	4
Forslag til løysing av motsegn for spreidd avlaup.....	7
Forslag til løysing av motsegn for kommunalt avlaup	17

Opplysninger om motsegn

I samband med 2. gangs høyring av kommuneplanens arealdel fekk vi motsegn frå Statsforvaltaren på blant anna følgjande:

Kommunalt avlaup: «Med bakgrunn i manglande kapasitet på noverande reinseanlegg innanfor Beitostølen tettgrend har Statsforvaltaren motsegn til planen».

Spreidd avlaup: «Vi finn ikkje at planomtala eller føresegnene varetek eller synleggjer at vurderingar av vassforskrifta § 12 ligg til grunn for å tillate ny aktivitet som kan påverke vassførekomstar. Statsforvaltaren har derfor motsegn til planen».

Mattilsynet fremja motsegn til planen ved fyrste gangs høyring, og opprettheldt motsegna ved andre gangs høyring:

«Etter å ha vurdert informasjon i 2. gangs høring av arealdelen av kommuneplanen 2025-2037 for Øystre Slidre, samt farekartlegging for Olevatn (Ole vannverk), Ygna (Kollstad vannverk) og Søre Vindin (Vindin vannverk) opprettholder Mattilsynet tidligere gitte innsigelse til første gangs høring.

Drikkevannsforskriften krever at drikkevannskilder med tilhørende nedbørsfelt skal hensyntas slik at råvannet som brukes til produksjon av drikkevann ikke forringes ytterligere i forhold til den kvaliteten vannet har i dag.

Vi vurderer at tilstrekkelig sikring av drikkevannskilder og nedbørsfelt, ikke er ivaretatt godt nok i kommuneplanens arealdel slik den foreligger ved 2. gangs høring.

Vi mener det må legges inn planbestemmelser som sørger for tilstrekkelig sikring av drikkevannskildene og hele nedbørsfeltet til disse.

Forholdene og tilstand i vannmiljøet, og spesielt i nedbørsfeltet for drikkevannskildene må være under kontroll. Disse kan og vil bli påvirket av aktivitet i nedbørsfeltet. Tilstanden i nedbørsfeltet påvirkes også i større grad enn før av klimaendringer i form av store nedbørsmengder, styrtregn, flomutfordringer, temperaturendringer m.m».

Vidare i dokumentet følgjer forslag til løysing av motsegnene. Mattilsynet har trekt motsegna basert på framlagt løysing.

Forslag til løysing av motsegn for tilstrekkeleg sikring av drikkevatt

Føresegner og retningslinjer for nedslagsfelt drikkevatt er føreslått slik:

Sikringssonene 110 – Nedslagsfelt drikkevatt:

Før det kan gis løyve til tiltak etter pbl § 20-1 skal det dokumenterast at omsynet til drikkevattet er ivarettatt. Tiltak som kan redusere kvaliteten på drikkevasskjelda er ikkje tillat. Det skal dokumenterast at tiltaket ikkje medfører fare for forureining av drikkevasskjelda. Vannverkseigar og Mattilsynet skal uttale seg i saken før tillatelse kan gis.


For sone 1 gjeld også følgjande restriksjonar:

1. *Utføring eller annan organisert samling av dyr i utmark, med mindre dette er godkjent særskilt*
2. *Nydyrking*
3. *Lagring av gjødsel, kompost og barkfyllingar, med mindre dette er godkjent særskilt*
4. *Lagring og bruk av plantevernmiddel i fareklasse «Tx- meget giftig», «T-giftig» og «Xn-helseskadeleg». Det kan bli gjort unntak for lagring og bruk av slike produkt til landbruksverksemd, men aldri nærare vatn og tilløp enn 50 meter.*
5. *Bruk av kloakkslam. Gjødsling elles skal skje i samsvar med gjødselplan.*
6. *Fast gapahuk, badestamp og liknande installasjonar.*
7. *Masseutskifting nærare vatn og tilløp enn 50 meter*
8. *Organisering av fritidsaktivitetar, leirslagning, stemner eller liknande med mindre dette er godkjent særskilt*
9. *Deponi av gjenstandar, avfall, slam eller liknande*
10. *Bruk av olje- eller oljeprodukt av slikt omfang at stoffa kan gje fare for forureining.*
11. *Transport av jord eller andre massar inn i området*


Sone 0 er tenkt som hovudvasskjelda, som i tillegg til å ha tilsvarende restriksjonar som sone 1, vil ha restriksjonar som går på aktivitet i sjølve hovudvasskjelda:

For sone 0 gjeld også følgjande restriksjonar:


1. *Bruk av motordreive (forbrenningsmotor) køyretøy på i/på vatnet er ikkje tillate utan særskilt løyve frå kommunen*
2. *Bading*
3. *Leirslagning (inkl. bobil/campingvogn) nærare enn 100 meter frå vatnet»*



Figur 1. Sikringssone for Olevatn og tilhørende nedslagsfelt. Sone 0 er Olevatn, medan Sone 1 er skravert område.



Figur 2. Sikringssone for Søre Vindin og nedslagsfelt. Sone 0 er Søre Vindin, medan Sone 1 er skravert område.



Figur 3. Sikringssone for Mellsenn. Sone 0 er Mellsenn, medan Sone 1 er skravert område.

Vurdering

For å sikre kvaliteten på drikkevatnet er det nødvendig å innføre restriksjonar for kva som kan tillatast i området. Dette har Mattilsynet, som motsegnsmynde, vore tydelege på.

Mange av føresegnene er vidareførte frå gjeldande plan. Den viktigaste endringa er at sikringssonene no er utvida og at det er etablert ei eiga sone for hovudvasskjeldene – Olevatn, Mellsenn og Sørre Vindin. Dette vart gjort for å imøtekome motsegna frå Mattilsynet.

I utgangspunktet var det eit ynskje om å inkludere heile nedbørsfeltet i ei sikringssone. Omfanget av dette ville etter administrasjonen si vurdering vore for stort med tanke på dagens bruk av området. Etter dialog med Mattilsynet vart det noverande forslaget vurdert som tilstrekkeleg for å sikre drikkevasskvaliteten.

Vi ønskjer at beiting skal kunne halde fram som før. Eventuell ureining frå beitande dyr skal handterast gjennom betre reinsing i anlegget og eventuelle tiltak i vassdraget ved behov, som fordrøyingsdammar eller liknande. Vi meiner at dei nye føresegnene legg til rette for vidare bruk av området slik som i dag, og at beiteinteressene er vareteke. Det har vore intensjonen heile vegen å framleis kunne oppretthalde dagens beitebruk.

Administrasjonen vil, basert på dei farekartleggingane som Norconsult har gjort, og i samband med utvida konsesjon for Mellsenn og revidering av VVA-planen, gjere ei grundigare utgreiing i høve til korleis sikring av drikkevasskjeldene vil påverke beitebruken og korleis beitebruk påverkar drikkevasskjeldene. Beiteutvalet vil bli teken med i dette arbeidet, særleg knytt til å kartlegge dagens bruk av områda. Dette er også lagt inn i handlingsplanen for nyleg revidert Beitebruksplan.

Forslag til løysing av motsegn for spreidd avlaup

Føresegner og retningslinjer:

14 Infrastruktursoner

Heimel: PBL § 11-8, bokstav b og PBL § 30-6.

14.1 Krav om infrastruktur

Ny busetnad skal som hovudregel knytast til offentleg vatn- og avløpsnett.


I desse områda gjeld plan- og bygningslova sine reglar i § 27-1 andre til fjerde ledd og § 27-2 andre til fjerde ledd også for fritidsbusetnad, med heimel i plan- og bygningslova § 30-6.

For område utan infrastruktursoner eller eigedomar utan moglegheit for å kople seg til offentleg vatn- og avløpsnett skal bygningar med innlagt vatn knytast til private anlegg med godkjent utsleppsløyve jf. forureiningsforskrifta, forureiningslova og lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg. Ny aktivitet eller inngrep vurderast etter vassforskrifta § 12.

Kommunedelplan for vassmiljø-vassforsyning-avløp 2018-2028, saman med handlingsprogram VVA og handlingsplanprogram for spreidd avløp, skal leggjast til grunn for val av løysing i dei ulike områda. For eigedommar som ikkje vert knytt til offentlege anlegg må det søkjast om utsleppsløyve jf. forureiningsforskrifta, forureiningslova og lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg.

Gjeldande Kommunedelplan for vassmiljø-vassforsyning-avløp 2018-2028, med tilhøyrande planar skal reviderast etter godkjenning av kommuneplanen for å få oppdatert retningslinjer og sikre god forutsigbarheit.

Oversikt og forklaring over dei ulike sonene er vist nedanfor:



Figur 2 Infrastruktursoner i kommunen

14.1.1 Krav som gjeld infrastruktur – vatn og avløp – omsynssonenamn H-410-VA (Vatn og avløp)

Innan desse sonene skal alle nybygg og tilbygg på brukseiningar med innlagt vatn koplatt til felles avløps- og vassforsyningsanlegg. Tilsvarande gjeld innlegging av vatn og etablering av avløp i eksisterande bygg. Unntak er viss gjeldande kommunedelplan for VVA med handlingsplan legg anna løysing til grunn.

14.1.2 Krav som gjeld i infrastruktur – vatn og avløp – omsynssonenamn H-410-SA (Spreidd avløp)

Innan desse sonene skal i utgangspunktet alle nybygg og tilbygg på brukseiningar med innlagt vatn koplatt til felles avløps- og vassforsyningsanlegg. Tilsvarande gjeld innlegging av vatn og etablering av avløp i eksisterande bygg. Men i desse sonene kan det, etter dokumentasjon i samsvar med kommunedelplan for vassmiljø, vassforsyning og avløp og gjeldande handlingsplan, bli gitt mellombels utsleppsløyve for separate anlegg inntil vass- og avløpsanlegga er bygde-

Jf. vassforskrifta § 4, skal tilstanden til overflatevatn beskyttast mot skjemming, utbetrast og gjenopprettast med sikte på at vassførekomsten skal ha god økologisk og kjemisk tilstand.

Tabellen nedanfor syner vassførekomstar i område med infrastruktursoner I-410-SA med tilstand som ikkje er innafor miljømålet.

Vassførekomst ID	Vassførekomst namn	Økologisk tilstand	Kjemisk tilstand
012-33045-L	Reinsennvatnet	Moderat	Ikkje klassifisert
012-616-L	Yddin	Moderat	Ikkje klassifisert
012-3116-R	Yddin bekkefelt	Moderat	Ikkje klassifisert
012-3117-R	Trollåsåni	Moderat	Ikkje klassifisert

Før det kan gjevast utsleppsløyve for anlegg med avrenning til vassførekomstar nemnt i tabellen ovanfor, skal det gjerast tiltak for å betre tilstanden i vassførekomstane.

14.1.3 Krav som gjeld i infrastruktur – vatn og avløp – omsynssonenamn H-410-M (Mellsenn)

Dette gjeld nedslagsfeltet til Mellsenn, som er plangodkjent som ny kommunal drikkevasskjelde. Innlegging av vatn og etablering av privat avløp er ikkje tillate innanfor 100 meters beltet langs bekkar/elver med direkte utløp i Mellsenn.


Innlegging av vatn og etablering av privat avløpsanlegg i nedslagsfeltet for Mellsenn er ikkje tillate før ny plangodkjenning av Mellsenn med eventuelle restriksjonar er godkjent.

Det må søkjast om utsleppsløyve jf. forureiningsforskrifta, forureiningslova og lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg for etablering av privat avløpsanlegg.

Ved søknad om innlegging av vatn og etablering av utslepp i sona skal rapport frå Cowi AS; Hydrogeologisk vurdering av områda ved Mellsenn, datert 09.02.2022, leggjast til grunn. Det er kunn tillat med infiltrasjon av gråvatn i sona.

14.1.4 Krav som gjeld infrastruktur - vatn, avløp og fjernvarme, omsynssonenamn H-410-VAF (Vatn, avløp og fjernvarme).

Dette gjeld Beitostølen-området jf. konsesjonsområde vist i kart datert 18.11.2020 og formannskapsvedtak 10/21 i sak 20/2552. Innan denne sona skal alle nybygg og tilbygg på brukseiningar med innlagt vatn koplatt til felles avløps- og vassforsyningsanlegg. Tilsvarende gjeld innlegging av vatn og etablering av avløp i eksisterande bygg. I tillegg skal alle nybygg med rom for varig opphald over 50 m² BRA tilretteleggast for vassboren fjernvarme. Sjå punkt 4.1.3 og 4.1.4.



Figur 3 Konsesjonsområde for fjernvarme på Beitostølen

14.1.5 Område utan infrastruktursone – Område for spreidd avløp.

Område utanfor infrastruktursoner er i hovudsak spreidd busetnad, der offentleg vatn og avløp ikkje er planlagt. Der det ikkje er krav om tilkopling til offentleg vatn og avløp, skal bygningar med innlagt vatn knytast til private anlegg med godkjent utsleppsløyve jf. forureiningsforskrifta, forureiningslova og lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg. For desse eigedomane skal grunnforhold og forhold til eventuelle vasskjelder i området vere dokumentert. Anlegget skal vere etablert i samsvar med plan- og bygningslova og utsleppsløyve før det kan leggjast inn vatn.

Ny aktivitet eller inngrep som kan føre til at tilstanden i vassførekomsten vert forringa, skal vurderast etter vassforskrifta § 12.”

Planomtale:

3.1.3 Infrastruktursoner og spreidd avløp

Arealdelen syner område i kommunen som er definert som omsynssoner H-410, jf. punkt 14 i Føresegner og retningslinjer. Dette er soner som stiller krav til infrastruktur og område utan offentleg vatn og avløp. Sonene er vidareført frå gjeldande arealplan (arealdelen til kommuneplanen 2016-2028) og kommunedelplanar (KDP Beitostølsområdet 2011-2023, kommunedelplan for Gravfjellsområdet 2013-2025, kommunedelplan for vassmiljøvassforsyning-avløp 2018-2028, handlingsplan spredt avløp 2019-2028 og handlingsplanprogram VVA datert 29.04.2021). Infrastruktursoner er oppdatert i plankartet. Det er fire forskjellige omsynssoner for infrastruktur, H-410-VA (Vatn og avløp), H-410-VAF (Vatn, avløp og fjernvarme), H-410-M (Mellsenn) og H-410-SA (spreidd avløp). I desse sonene gjeld plan- og bygningslova sine reglar i § 27-1 andre til fjerde ledd og § 27-2 andre til fjerde ledd også for fritidsbusetnad, med heimel i plan- og bygningslova § 30-6. Ut frå

kostnadmessige og praktiske årsaker vil det i enkelte område vere naudsynt med separate anlegg også innanfor soner med krav om infrastruktur. Desse sonene er definert som H-410-SA.

Handlingsprogram VVA og Handlingsplan for spreidd avløp, vil spesifisere kva type vatn- og avløpsanlegg som skal leggst til grunn i dei ulike områda. Det er difor viktig at handlingsplanar er oppdaterte og at det til ein kvar tid er gjeldande handlingsplan for området som legg grunnlaget for kva løysing som kan nyttast.

Det er vanskeleg å sei korleis framdrift for utbygging av offentleg VA-nett blir i planperioden. Handlingsplanprogrammet for VVA, vart revidert av kommunestyret den 29.04.2021, for å få større grad av realisme i gjennomføringa av VVA-planen og revideringa er vidareført i arbeidet med arealdelen. Handlingsplanane er eit viktige hjelpemiddel og styringsverktøy i perioden.

Kommunedelplan for vassmiljø-vassforsyning-avløp 2018-2028, vedteke av kommunestyret 15.02.2018, er utarbeida for forvaltningsområda vassmiljø, vassforsyning og avløp. Dette legg til rette for å sjå mål og område i samheng, noko som også skal bidra til å nå mål i høve til vassforskrifta om vern og berekraftig bruk av vassførekomstane.

Vassforskrifta sitt føremål er å sette rammer for fastsetjing av miljømål som skal sikre eit mest mogleg heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekomstane jf. EUs rammedirektiv for vatn (vassdirektivet). Forskrifta skal sikre godkjente vassforvaltningsplanar med tilhøyrande tiltaksprogram som vert revurdert og oppdatert kvar sjette år. Gjennom vassdirektivet er kommunen plikta til å sikre at tilstand i vassdraga har ein økologisk- og kjemisk er god eller betre enn god.

Jf. vassforskrifta § 4, skal tilstanden til overflatevatn vernast mot skjemming, utbetrast og gjenopprettast med sikte på at vassførekomsten skal ha god økologisk og kjemisk tilstand.

Generelt

Øystre Slidre kommune har om lag 1500 private avløpsanlegg, der ca. 800 er tilknytt hytter og ca. 700 er bustader. Det er fem kapittel 13 -anlegg (Haugseter, Yddin, Vangsjøen, Bjødnahelet og Nedrefoss).

Om lag 300 av anlegga ligg i område definert som H-410-SA (spreidd avløp). Det er 64 anlegg (33 stk. Rennsenn og 31 stk. Yddin) som ligg i nedslagsfelt til vassførekomst med moderat økologisk tilstand. Det er om lag 970 brukseiningar (adresser) innanfor H-410-SA. Dette er allereie bebygde eller frådelt tomter som er definert som *Noverande fritidsbusetnad* eller *bustad* utan krav om reguleringsplan. Det vil ikkje vere mogleg å opprette nye grunneigedomar i desse sonene utan at det ligg føre reguleringsplan.

Det er om lag 800 anlegg som ligg innanfor infrastruktursone omtala som H-410-VA, ca. 330 anlegg ligg i område *fjell* og ca. 570 anlegg ligg i område *bygd*. I desse sonene skal brukseiningar med innlagt vatn koplast til offentleg vatn og avløpsanlegg.

Dei resterande 400 anlegga ligg i område utanfor infrastruktursoner, utan moglegheit til tilkopling til offentleg vatn og avløp.

Ved ny aktivitet eller nye inngrep som kan råke ein vassførekomst, skal tiltaket vurderast etter vassforskrifta § 12 der det står:

«Ny aktivitet eller nye inngrep i en vannforekomst kan gjennomføres selv om dette medfører at miljømålene i § 4-§ 7 ikke nås eller at tilstanden forringes, dersom dette skyldes:

- a. nye endringer i de fysiske egenskapene til en vannforekomst eller endret nivå i en grunnvannsføremst, eller*
- b. ny berekraftig aktivitet som medfører forringelse i miljøtilstanden i en vannforekomsts frå svært god tilstand til god tilstand.*

I tillegg må følgende vilkår være oppfylt:

- a. alle praktisk gjennomførbare tiltak settes inn for å begrense negativ utvikling i vannforekomstens tilstand,*

- b. samfunnsnyttan av de nye inngrepene eller aktivitetene skal vere større enn tapet av miljøkvalitet, og
- c. hensikten med de nye inngrepene eller aktiviteten kan på grunn av manglende teknisk gjennomførbarhet eller uforholdsmessige store kostnader, ikke med rimlighet oppnås med andre midler som miljømessig eller vesentlig betre.

Der ny aktivitet eller nye inngrep er gjennomført i planperioden, skal begrunnelse for dette gjengis i oppdatert vannforvaltningsplan. Dersom det er gitt tillatelse til nye aktiviteter eller nye inngrep, skal dette også fremgå av vannforvaltningsplanen.»

Jf. 2.3 Veiledning til bruk av vannforskriften § 12 – med presisering, punkt 2.3 står det:

«Det følger indirekte av § 12 at ny virksomhet som ikke hindrer at miljømålene nås, eller som ikke medfører at tilstanden forringes, kan tillates utan at vilkårene i annet ledd vurderes. Slike tiltak skal kun behandles etter sektorloven.»

Infrastruktursoner definert som H-410-SA (spreidd avløp) og område for spreidd avløp i arealdelen er område med eksisterande busetnad/fritidsbusetnad. Arealføremålet i dessa områda skal i utgangspunktet ikkje endrast. Dersom det skal opprettast nye eigedomar i infrastruktursonen H-410-SA, må det gjerast gjennom reguleringsplan eller dispensasjon, inkl. ei vurdering av § 12 i vassforskrifta. Det same gjeld for område for framtidig busetnad.

Ut frå dokumentasjon frå Vann-nett og kommunen sitt register for spreidd avløp, i tillegg til tilsynsordning og planlagd revidering av handlingsplan for spreidd avløp, er § 12 er ivareteke og på kommuneplannivå, og nye tiltak i områda der spreidd avløp er einaste moglegheit vil ikkje forringe tilstanden i vassførekomstane.

For eksisterande eigedomar som søker som utsleppsløyve i område for spreidd avløp, må tiltakshavar dokumentere at tiltaket er i tråd med gjeldande forskrifter og sikre at kvaliteten i vassførekomsten ikkje forringast, jf. § 12 i vassforskrifta.

I område med infrastruktursonen H-410-VA, skal brukseiningar med innlagt vatn koplast til offentleg vatn og avløpsanlegg.

Vassførekomstar i Øystre Slidre kommune

Om lag 9,5% av Øystre Slidre kommunes areal er vatn og vassdrag. Øystre Slidre er del av vassdragsområde Drammensvassdraget og det er registrert 86 vassførekomstar i kommunen, sjå tabell nedanfor. SVMF betyr *svært modifisert vassførekomst*.


Registrerte vannforekomster

VANNKATEGORI	ANTALL	SVMF	STØRRELSE
Elv	53	4	2.178,495 km
Grunnvann	7	0	6,92 km ²
Innsjø	26	4	93,769 km ²
Kystvann	0	0	0 km ²
Totalt	86	8	

Figur 1: Oversikt over vassførekomstar i Øystre Slidre, frå Vann-nett juni 2025.

Økologisk tilstand

Den økologiske tilstanden i vatn referer til korleis det biologiske mangfaldet og abiotiske forholda er i ein vassførekomst, som elv eller innsjø. Ein god økologisk tilstand betyr at artane som lev i vassførekomsten har gode levevilkår og det er få avvik frå naturleg tilstand.



Figur 2: Økologisk tilstand frå Vann-nett juni 2025

Vi ser ut frå tabellen at det er 83,1 % av vassførekomstane i Øystre Slidre som har god tilstand eller betre. Dei resterande 16,9 % har moderat tilstand og er fordelt på 12 vassførekomstar. Vassførekomstar med moderat tilstand som ikkje er tråd med miljømåla er vist i tabellen nedanfor.

Vassførekomst - ID	Vassførekomst - namn	Økologisk tilstand	Kjemisk tilstand
012-1016-R	Volbuelva	Moderat	Ikkje klassifisert
012-1018-R	Heggefjorden, bekkefelt	Moderat	Ikkje klassifisert
012-1019-R	Volbufjorden, bekkefelt	Moderat	Ikkje klassifisert
012-1616-R	Rauddøla nedre del	Moderat	Ikkje klassifisert
012-1620-R	Hovsfjorden og Østre Slidreåne bekkefelt	Moderat	Ikkje klassifisert
012-1735-R	Steinsetfjorden bekkefelt	Moderat	Ikkje klassifisert
002-1743-R	Bekk mellom Nedre Heimdalsvatnet og Øvre Heimdalsvatnet	Moderat	Ikkje klassifisert
002-2476-R	Leirungsåe	Moderat	Ikkje klassifisert
012-3116-R	Ydding bekkefelt	Moderat	Ikkje klassifisert
012-3117-R	Trollåsåni	Moderat	Ikkje klassifisert

012-33045-L	Reinsennvatnet	Moderat	Ikkje klassifisert
012-616-L	Yddin	Moderat	Ikkje klassifisert


Steinsetfjorden bekkefelt, bekk mellom Nedre- og Øvre Heimdalsvatnet og Leirungsåe, er ikkje råka av avrenning frå spreidd busetnad eller hytter.

Kjemisk tilstand

Kjemisk tilstand i ein vassførekomst syner til konsentrasjonar av kjemiske stoff i vatnet. Stoffa kan utgjera ein risiko for vassmiljøet og helsa til levande organismar.

Vassførekomsten har god kjemisk tilstand når:

- Konsentrasjonen av prioriterte miljøgifter (som tungmetall, plantevernmidlar, industrikjemikaliar osv.) er under fastsette miljøkvalitetsstandardar.
- Det ikkje førekjem langvarige eller omfattande overskridingar av disse stoffa.
- Det ikkje er påvist økologisk skade som følgje av kjemisk forureining.



TILSTAND	ANTALL	PROSENT %
God	7	8,9 %
Dårlig	1	1,3 %
Ikke klassifisert	71	89,9 %
Alle	79	100 %




Figur 3: Kjemisk tilstand frå Vann-nett juni 2025

Jf. Vann-nett er det 8,9 % (7 stk.) av vassførekomstane som har god tilstand, 1,3 % (1 stk.) har dårleg og heile 89,9 % (71 stk.) som ikkje er klassifisert.

Vassførekomsten med dårleg kjemisk tilstand er Øvre Heimdalsvatnet. Det er ingen påverknad av spreidd avløp til vatnet.

Påverknad på vassførekomstar.


Vassførekomstar kan bli råka av vår arealbruk og av forskjellige tiltak som blir utført. Jf. Vann-nett sine sider ser vi at *Diffus avrenning frå spreidd busetnad* råkar 45 vassførekomstar. 27 vassførekomstar blir råka av diffus avrenning frå hytter og 18 frå spreidd busetnad.




Figur 4: Påverknad på vassførekomstar i Øystre Slidre kommune frå Vann-nett juni 2025.

Tilstand på private avløpsanlegg.

Handlingsplan for spreidd avløp «Handlingsplan for spreidd avløp 2019-2028», blei vedteke av kommunestyret den 25.04.2019. Planen skal i hovudsak syne planlagd gjennomføring av tiltak i område med spreidd avløp, både med omsyn til geografisk plassering og planlagd framdrift for etablering av VA-nett med sentrale eller lokale reinseanlegg. I samband med handlingsplanen blei det gjennomført ei kartlegging (risikoanalyse) av private avløpsanlegg. Informasjonen er henta ut frå register til kommunen januar 2016. Sidan 2016 har tal private avløpsanlegg auka med om lag 300 stk. Konklusjon etter kartlegginga var at ca. 70-80 % av anlegga ikkje er tråd med dagens standard.



Figur 5: Risikovurdering - Handlingsplan for spreidd avløp.



Figur 6: Risikokart - Handlingsplan for spreidd avløp.

I kor stor grad anlegga råkar vassdraga negativt er usikkert, men ut frå risikokartet er det berre området rund Rennsenn det er høg risiko, og den økologiske tilstand er moderat. Det er eit teikn på at tiltak må prioriterast i dette området.

Tiltak for å betre tilstanden i vassførekomstane

Handlingsplan spredt avløp 2019-2028, skal reviderast så den er oppdatert etter dagens situasjon og forhold. Det vil gje betre oversikt og blir eit viktig verktøy for å kunne nå miljømåla. Kommunen har relativ god oversikt over private avløpsanlegg gjennom kommunens sitt avløpsregister i KOMTEK. Der blir det registrert opplysningar og avvik ved tøyming av anlegg. Informasjon om komponentar i anlegget med bilete og anlegget sin risiko blir også registrert.

Det skal førast tilsyn på alle private avløpsanlegg i kommunen minimum ein gong kvart femte år jf. vedtak i kommunestyret KS-121/19. Det skal prioriterast område der vassførekomsten har moderat økologisk tilstand, i tillegg til område som har høg risiko jf. handlingsplan for spreidd avløp.

Det er starta med forarbeid med tilkopling til offentlig vatn- og avløpsnett for brukseiningar som ligg i område *bygd* innanfor infrastruktursone H-410-SA. Dette vil bidra til redusering av avrenning frå gamle private anlegg i bygda.

Både handlingsplanprogram VVA og handlingsplanprogram for spreidd avløp 2019-2028, må reviderast etter at arbeidet med KPAen er vedteken.

Forslag til løysing av motsegn for kommunalt avlaup

Reduksjon i utbyggingsvolum – vurdering av PE-belastning og kapasitet i VA-anlegg

Statsforvaltaren Innlandet fremja motsegn til kommuneplanens arealdel på bakgrunn av manglande kunnskapsgrunnlag om resipientkapasitet nedstraums Nerreføss. Dei fremja også motsegn med bakgrunn i manglande kapasitet på noverande reinseanlegg innanfor Beitostølen tettrend. Kommunen gjennomførte på bakgrunn av dette ei resipientvurdering. SFI peika på at rapporten frå resipientundersøkinga ikkje tok for seg kor mykje avlaup som kan sleppast ut i dei andre førekomstane nedstraums utan at desse vert forringa, eller om det er mogleg å auke utsleppa til dagens resipient Øyangen utan å forringe denne. Kommunen gjennomfører no ein ny resipientvurdering av Øyangen for å finne ut kor mykje som kan sleppast ut utan å forringe vasskvaliteten. Denne resipientvurderinga vil vere klar i løpet av september, og vil bli sendt over til Statsforvaltaren.

I samband med søknad om utsleppsløyve har Statsforvaltaren i utkast til løyve, kunne godkjenne 15000 pe for nye Nerreføss RA. Kommunen søkte i utgangspunktet om 25 000 pe, i samsvar med dei utrekningane vi har gjort. For å trygge kunnskapen om faktisk tilstand i resipientane nedstraums, skal kommunen gjennomføre eit utvida prøveprogram. Prøvene vert teke frå juni/juli til november. Kommunen skal også gjennomføre eit utvida prøveprogram nedstraums Nerreføss for å trygge kunnskapen om faktisk tilstand i resipientane.

Vi legg til grunn at desse undersøkingane er tilstrekkelege for å lukke motsegna på manglande kunnskapsgrunnlag.

Statsforvaltaren har også motsegn mot manglande kapasitet på kommunale reinseanlegg for å kunne ta i mot avløp frå ny busetnad. Det er avklart at eit rekkefølgekrav i arealplanen ikkje kan nyttast for å løyse motsegna. Statsforvaltaren har i møte peika på at redusert utbyggingsvolum ut over den reduksjonen kommunen har gjort i høyringsutkastet kan vera eit tiltak som løyser motsegna.

Om resipientvurderinga gir resultat i form av manglande resipientkapasitet til det utbyggingsvolumet som planen opnar for, noko vi ikkje kan utelukke, vil vi sjå på andre tiltak som kan løyse motsegna. Vi har allereie no gjort ei vurdering om det er fleire avsette utbyggingsområde som kan reduserast i omfang og utnytting. Tidlegare i planarbeidet har vi teke ned utbyggingsvolum i område utanom Beitostølen, til dømes i Gravfjellet, der to område på omlag 820 dekar vart tilbakeført til LNF-areal. Vi har ikkje tidlegare i planprosessen vurdert om det er utbyggingsvolum på Beitostølen som kan takast ned eller lata vera å auka, slik dette er gjort i utkastet til ny plan.

Beitostølsområdet er det området med høgst utnytting, og vi har sett på om det er område her som kan takast ut eller justerast ned i høve til utnytting. På bakgrunn av avstand frå sentrum, og området sin karakter, har vi teke ei ny vurdering av det planlagde utbyggingsområdet Størrtjødalen, som var vidareført frå gjeldande plan, men der utnyttingsgraden er auka i planutkastet. Området er kupert, og består av ein del myr.

Utbyggingsvolumet i Størrtjødnlie kan reduserast for å ta ned talet på personekvivalentar (PE) som området kan generere. Dette er eit direkte resultat av kapasitetsvurderingar knytt til eksisterande reinseanlegg for avløp i Beito. Beito RA opererer nær teknisk grense for kva det kan handtere av avløpsmengd.

Ei vidare utbygging i tråd med utkast til arealplan, som legg til rette for større leilegheitsbygg og høg einingstettleik, vil medføre ein stor auke i belastninga på VA-infrastrukturen. Dette kan føre til overbelastning av reinseanlegget, med risiko for utslepp og redusert reinsingseffekt.

Teoretisk utbyggingspotensial og PE-berekningar

Det er gjennomført ei teoretisk utrekning av mogleg utbyggingsvolum dersom det vert lagt til rette for leilegheitsbygg i fleire etasjar. For delområda Aust og Midtre viser utrekningane eit samla potensial på 684 einingar, fordelt slik:

- **Aust:** 50 000 m² bruttoareal → 360 leilegheiter
- **Midtre:** 100 000 m² bruttoareal → 270 leilegheiter
- **Vest:** 54 000 m² til tomter → 54 hytter
- Samla potensial: **684 einingar**

Basert på kommunen sine standardverdiar for PE (4 PE per leilegheit og 6 PE per hytte), og med eit belegg på 80 % på dei dagane med flest deltidsinnbyggjarar/gjester, gir dette følgjande belastning:

- Leilegheiter: 630 stk × 4 PE = 2 520 PE
- Hytter: 54 stk × 6 PE = 324 PE
- Samla PE før belegg: 2 844
- Samla PE med 80 % belegg: 2 844 × 0,8 = **2 275,2 PE**

Alternativ med hytteutbygging

Som eit alternativ er det rekna på ei utbygging basert på tradisjonelle hyttetomter med eit gjennomsnitt på 1 dekar per eining. Etter frådrag for infrastruktur (40 %) gir dette eit samla potensial på 144 einingar:

- **Aust:** 30 000 m² til tomter → 30 hytter
- **Midtre:** 60 000 m² til tomter → 60 hytter
- **Vest:** 54 000 m² til tomter → 54 hytter
- Samla potensial: **144 hytter**

Berekna PE-belastning for dette alternativet:


- Hytter: 144 stk × 6 PE = 864 PE
- Samla PE med 80 % belegg: 864 × 0,8 = **691,2 PE**

Samla vurdering

Scenario	Einingar	PE (før belegg)	PE (80 % belegg)
Scenario 1	684 (630 leilegheiter + 54 hytter)	2 844	2 275,2
Scenario 2	144 hytter	864	691,2


Årsrapporten for Nerreføss RA syner eit tal på 2 805 pe, med organisk kapasitet på 1950 pe. Årsrapporten for Beito RA syner 4 155 pe, med organisk kapasitet på 6 800 pe. Samla sett representerer scenario 2 ein vesentleg lågare belastning på VA-systemet og er i større grad i samsvar med kapasiteten til eksisterande reinseanlegg. Ved å redusere omfang av utnytting i Størrtjednlie-området, kan tal pe reduserast med ca. 1590 pe.

Med bakgrunn i dette kan utbyggingsvolumet i Størrtjednlie verta redusert ved at Størrtjednlie vert teke ut av området for tett utbygging. Sentrumsgrensa i kartet til planomtalens punkt 3.1.6.2 såg tidlegare slik ut:



Figur 1. Tettstadgrense markert i raudt, sentrumsgrensa markert i blått og sentrumskjerne markert i grønt.

Ved å ta Størrtjednlie ut frå sentrumsgrensa vert kartet i planomtalens punkt 3.1.6.2 sjåande slik ut:



Figur 2. Kartet syner ei ny sentrumsgrensa. Størrtjednlie er framleis ein del av tettstadgrensa.

Korleis utbygginga av Størrtjednlie faktisk vert gjennomført innafor rammene av arealplanen vert avklart gjennom ein reguleringsplanprosess.